

Aasen i dag

Ein fær ikkje syngja høgje, en Halsen toler.



Tilskipingar

Fotafar

Tur i føremiddag til Hustveit og Leidalsstølen.

Friidrettstrening

i Voss IL måndagar og onsdagar.

Voss Seniordans

startar opp att tysdag føremiddag i Voss idrettshall.

Joggekarusellen

i Bømoen startar opp tysdag.

Fotball menn

Voss-Fri, 5. divisjon menn, i kveld i Prestegardsmoen.

Bulken turmarsjlag

går Edal-Styvesstølen-Edal i kveld.

"Vangsgryto"

Ungdomsklubben har ope på kveldstid måndag og onsdagar.

Voss Tween Sing

startar opp att i Vonheim, fyrste treff onsdag.

Orientering

O-løp og VM på Fjosestølen onsdag kveld. Merkt frå Urdland.

Bygdaklang

startar opp att onsdag kveld i Olavssalen på Voss Folkehøgskule.

Konsert i Finnesloftet

torsdag kveld med Berit Opheim og Benedicte Maurseth.

Møte

Bavallen jaktfelt

Årsmøte i kveld i kantina på Brynavollen.

Voss Senioruniversitet

Møte onsdag i Vossasalen, Park Hotell, med Ole Didrik Lærum: Tuberkulose og kunst.

Nain

Nådegåve-test onsdag kveld.

Kristen muslimmisjon

Møte torsdag kveld i Nain.

Migrasong på Sjøfartsmuseet

► **FRAMSYNING:** Reidun Horvei og medmusikarane Per Inge Hove og Øyvind Lyslo skal den komande månaden ut på ny turné med den musikkdramatiske framsyninga Migrasong – tonane dei bar med seg over havet. Torsdag 13. september kjem dei til Bergen og Sjøfartsmuseet med ein litt utvida versjon av Migrasong. Utvidinga går ut på at museumsdirektør Per Kristian Sebak innleiar om den norske utvandringa til Amerika og såleis set Migrasong inn i den store samanhengen. Totalt var det drygt 800.000 nordmenn som forlet heimlandet og gav seg i kast med den strabasiose og farefulle sjøferda over Atlanteren.

Vampsuksess i Hed

Ikkje mange norske band klarar å selja ut to fulle hus på utescena i det gamle skiferbrotet i Hedleberget på Voss. Vamp frå Haugesund klarte det utan problem fredag og laurdag.

► KONSERTMELDING

Vamp, Hedleberget
laurdag 25. august



Få band er forunnte å få songane sine til å verta folkeeige i klasse med til dømes Åge Aleksandersen sin «Lys og varme». Vamp har klart det fleire gonger med til dømes «Tir n'a noir», «Månemannen» og «Liten fugel». På konserten i Hedleberget vart sjølvstøtt desse låtane spela, til stor begeistring og allsong frå publikum.

Opphavleg skulle dei spela éin konsert på laurdag kveld. Men då denne konserten vart utseld etter ein halv time, vart det ein ekstra konsert fredag, som også vart utseld etter kort tid. Konsertmeldinga er frå konserten laurdag kveld.

Folkemusikk

Vamp har sidan starten på byrjinga av 90-talet rørt seg i viserocklandskapet, med tydelege referansar til både norsk folkemusikk og folkemusikk frå dei britiske øyane. Dei har vore tru mot denne stilen sidan dei starta på byrjinga av 90-talet. Ein kunne tenkja seg at med den tidlege suksessen dei hadde, kunne dei gå seg fast i gamle suksessar. Men Vamp har opp gjennom åra makta å fornya seg både med omsyn til tekstar og musikk, utan å gå veldig langt ut av suksessformelen sin.

Dette gjer at dei kan reisa land og strand rundt og spela for fulle hus 26 år etter at dei starta. Få om nokre norske band har klart å halda kvaliteten på tekstane så høgt oppe som Vamp har klart gjennom alle år. Det starta med Øyvind Staveland sin musikk til tekstar av Kolbein Falkeid. Seinare har dei nytta tekstar frå diktarar som til dømes Lars Saabye Christensen, Hans Børli, Ingvar Hovland og Inger Hagerup.

Dyktig

La meg slå fast med ein gong: Vamp er eit dyktig liveband. I 2014 kom den opphavlege vokalist Jan Ingvar Toft tilbake til bandet, 17 år etter at han forlet Vamp i 1998. For mange var Toft sjølv lyden av Vamp i den fyrste perioden.

Han har ein eigenarta måte å syngja hudlaust på som går rett i hjartet på publikum. Han seier ikkje mange ord frå scena, det treng han ikkje. Gjennom sine særprega tolkingar av låtane, kommuniserer han med publikum så det held. Innimellom finn han på morosame ting på scena også. Dette er med og skapar den gode stemninga som

var mellom scena og publikum i Hedleberget laurdag kveld.

Blanding

Vamp spela ei blanding av nye og gamle songar i Hedleberget. Dei starta med songar frå dei siste åra. Denne skrivaren merka seg spesielt balladen «Støypt i rav», skriven av Odin Staveland (musikk) og Helge Torvund (tekst). I eit elegant og spesielt arrangement song Jan Ingvar Toft balladen så håret reiste seg på armene til fleire enn denne meldaren. Etter kvart kom også dei gamle songane, til stor begeistring mellom publikum. Ein av dei aller beste låtane frå 90-talet, er «13 humler», skriven av Jan Ingvar Toft (musikk) og Arne Birkedal (tekst). Musikken har referansar også til latinamerikansk musikk, både rytmisk og harmonisk. Den er skreddarsydd til Tofts litt raspende stemme, og var eitt av høgdepunkta for denne meldaren.

Intensitet

Det skal noko til å halda opp høg intensitet på scena i 1 1/2 time. Nokre få gonger under konserten fekk eg kjensla av at Vamp gjekk litt på autopilot. Slik var det då dei spelte «Tir n'a noir», til elles vill begeistring frå publikum. Men slike små minus trekkjer ikkje så mykje ned på heilskapen til konserten. Arrangementa på låtane er gjennomtenkte, dynamiske og svært godt framførte. Det har ein fin balanse mellom å få tekstane til å skina, og å gjera låtane interessante musikalsk. Lyden var også svært god på denne konserten.

Dyktige musikarar

Musikarane er dyktige. Spesielt vil eg nemna gitaristen Bjørn Berge. Mange kjenner han som sin sær dyktig bluesartist som har spela mange solokonsertar i inn- og utland. Mens gamlegitaristen Torbjørn Økland kunne henta idear frå jazz, ikkje minst då han tok fram trompeten, står Berge støtt i sitt blueslandskap. Han spelar slidegitar på dei fleste av låtane, og gjev dei eit blues- og rockepreg som kler låtane til Vamp svært godt. Også Lars Eirik Støle sitt elegante og smakfulle spel på Hammond B3 og andre tangentar må nemnast. Bassist Kjetil Dalland og trommeslagar Odin Staveland utgjer eit sær stødige komp som er med og lyftar låtane. Publikum gav Vamp ståande ovasjonar og gav seg ikkje for dei hadde spela to ekstralåtar.

► Bjørn Sandnes

bbsa@avisa-hordaland.no



BEGEISTRA: Det var eit begeistra publikum som løna Vamp med ståande ovasjonar i Hedleberget laurdag kveld.